



Terje Fløysand  
Fløksand 76  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/4075 - 20/8816

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:

18.02.2020

## Informasjon om søknad

Viser til din forespørsel om rettleiing ifm. søknad om frådelling av parsell frå gbnr. 305/7 (tidlegare gbnr. 5/7 i Meland kommune) i Alver kommune.

Eigedomen med gbnr. 305/7 er satt av til landbruk-, natur- og friluftformål (LNF) i arealdelen til kommunedelplanen for Meland. Frådelling av parsell er ikkje i samsvar med LNF-formålet, i tillegg ligg arealet innanfor byggjegrensa mot sjø. Det må difor søkjast dispensasjon både frå LNF-formålet, samt dispensasjon frå byggjegrense mot sjø samstundes som du søker om løyve til oppretting av ny grunneigedom.

Når du søker om dispensasjon må du argumentere for kvifor det skal gis løyve til det du søker om. Du kan få dispensasjon dersom omsynet bak reglane du søker om dispensasjon frå ikkje vert sett «vesentlig» til side, fordelane ved å gi dispensasjon er «klart» større enn ulempene og særskilde omsyn som gjer seg gjeldande for saka di.

Det er ikkje eige skjema for dispensasjonssøknad. Du skriv den som eit vanleg brev og legg den ved søknadsskjema for oppretting av grunneigedom som du finn her:

[https://www.alver.kommune.no/contentassets/dbb0b61d5fde4586846c26bdf0bbb0da/skjema-soknad\\_rekvisisjon\\_alver-til-utfylling.pdf](https://www.alver.kommune.no/contentassets/dbb0b61d5fde4586846c26bdf0bbb0da/skjema-soknad_rekvisisjon_alver-til-utfylling.pdf)

Med søknadsskjema og dispensasjonssøknaden må du legge ved situasjonskart der arealet du søker frådelt er markert. I tillegg må søknad om løyve til deling, samt søknad om dispensasjon nabovarslast.

Fristen for å handsame søknad om dispensasjon er 12 veker. Etersom søknad om frådelling gjeld interesser som er av statleg og/eller regional interesse (LNF + strandsone), må søknad om frådelling sendast på høyring, blir fristen 16 veker.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Søknad om løyve til frådling/oppretting av grunneigedom, samt dispensasjonssøknad sendast samla til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no). Viss du vil sende søknaden i post, sender du den til:

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug.

Med helsing

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar  
Plan og byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Terje Fløysand

Fløksand 76

5918

FREKHAUG